

**AUKE:** Fleire unge enn før vel å døype seg. FOTO: GORM KALLESTAD/NTB

# Aldri før har så mange unge døypt seg

Så mange som 1.008 ungdommar mellom 14 og 15 år døypte seg i Den norske kyrkja i fjor. Det er ny rekord.

– Vi reknar med at dåpstala vil auke sidan færre blir døypte som spedbarn, seier kommunikasjonsdirektør Ingeborg Dybvig ved Kyrkjerådet til Framtida.no.

Dåp i tenåra og i samband med konfirmasjonstida har i hovudsak vore eit by-fenomen, men skilja mellom bygd og by og landsdelar blir stadig viska ut, ifølgje Dybvig.

Biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, er glad for at fleire av dei som ikkje er døypte som barn ønskjer å døype seg som ungdommar.

– Det viser at det framleis er ei stor openheit blant unge for ei kristen tru, seier han på telefon til Framtida.no. Biskopen meiner unge i dag er både modige og opne for trua på ein annan måte enn ein kunne sjå tidlegare.

Biskopen seier at Kyrkja også pleier å ta omsyn ved å leggje til rette for ein meir privat dåp for dei som ønskjer det.

NPK

# Knalltal for Knerten

Den nye filmen om Knerten og Lillebror har hatt eit besøk på 118.111 besøkjande sidan premieren 3. juli.

Dette er gode tal i ein elles nokså stille kinosommar grunna koronapandemien.

– Vi er strålande fornøgde med tala hittil! Det har absolutt vore nervepirrande å lansere film midt i ei uviss tid, og det gler oss å sjå at Knerten har fylt eit tomrom blant ei stor gruppe kinogjengarar under denne spesielle sommaren, seier produsent Jan Petter Dickman.

Han har tru på at endå fleire vil leggje turen innom kinosalen no som det blir kjøligare i vêret.

I den nye filmen om Knerten og Lillebror får vi vere med på sommarferie til sommarøya til Tante Thea, og vi blir kjende med Eddy og den sjølvutnemnde sjøormeksperten Blegen.

NPK



**KNERTEN:** Filip Mathias Eide spelar Lillebror og Eddy blir spelt av Mia Ålvik. Knerten er sjølvsagt med på moroa i ein ny film som diktar vidare på Anne-Cath. Vestlys univers. FOTO: SF STUDIOS

● Pilegrimar på syningsferd til Herøy:

# – Ønskjer å vere eit naturleg møtepunkt for pilegrimar

Denne veka kom eit reisefølgje av pilegrimar til Herøy for å oppleve korleis lokale krefter har lagt til rette for den relativt «nye» kystpilegrimsleia som no er etablert langs den norske kystlinja.

Den tusen år gamle kyrkjestaden ved Herøy gard var naturleg nok destinasjon. Han vart nemleg for nokre år sidan peikt ut som ein av dei fem nøkkelstadene i Møre og Romsdal for den offisielle kystpilegrimsleia til Nidaros. Prosjektet har som mål å skape eit autentisk nettverk og reiselivsprodukt for moderne pilegrimar, basert på den gamle hovudfartsåra for pilegrimar til Nidaros. Herøy kommune har følgt utviklinga av prosjektet frå startgropa, og har sidan då også fatta kommunestyrevedtak om at kommunen skal spele ei synleg rolle i satsinga.

Dei besøkande kom reisande om bord i Sunnmørsjekta Anna Olava, og fekk med det ein smakebit på korleis pilegrimar historisk sett har tatt seg fram langs kysten. Vel framme fekk dei smake på både lokal brennsnut og høyre om den historiske stoppestaden, før seansen vart runda av med ei lita gudsteneste med sokneprest Bjørn Leinebø.

**– Betre samhandling**

Bak hovudhuset, i den vesle steinbua der, fekk vi sjå den nye stasjonen der pilegrimar kan stemple sine reisepass. Her møtte vi fleire i reisefølgjet, mellom andre domprost i Molde, Olav Gading. Han kunne fortelje oss litt om gruppa som no er ute på reise.

– Dette er ein organisert syningstur. Poenget er at personar knytt til kystpilegrimsleia skal bli kjent med andre delar av leia enn der dei sjølv er ifrå, opplyste Gading.

Ein av dei andre tilreisande, Audhild Mork, understreka kor viktig samhandling er for prosjektet. Ho har sjølv fått ei sentral rolle i utviklinga av ruta då ho i sommar blei tilsett som dagleg leiar for det nye regionale pilegrimssenteret i Smøla.

– Det er viktig at vi fører folka som legg til rette for pilegrimar saman, slik at nøkkelstadane langs kysten kan samhandle betre. Tilboda for ein pilegrim bør ikkje vere heilt like frå stad til stad, men gi ei heilskapleg oppleving, sa Mork.

Ho var elles opptatt av viktigheita i det å snakke fram kvarandre.

– Dei som tek imot pilegrimar må bli flike til å snakke fram destinasjonane som ligg framføre dei på ruta. Hugs, som pilegrim her i landet, er det Nidaros som er målet. Vi vil at fleire reiser heile ruta til Trondheim.

Pilegrimsprest i Nidaros Einar Vegge, også i reisefølgjet, følgde opp med å seie at dei gjerne tek imot fleire kyst-pilegrimar.

**Viktig å legge til rette**

Men for at ein skal skape større pilegrimstrafikk oppover kysten, fordrar det naturleg nok ein infrastruktur som fasiliterer slike reiser. Her vert det jobba med løysingar for å gjere dette så saumlaust som råd via ein nettportal, sa Mork til Vestlandsnytt.

– Ei utfordring vi har er å få på plass nok overnattingstilbod for pilegrimar langs ruta, også i områda her på Søre Sunnmøre. Deretter må vi få dette inn i våre bookingsystem, opplyste ho.

Regional leiar for Nidaros pilegrimsgard, Toralf Neraas, trur det er potensiale for å trekke til seg fleire reisande til den nyetablerte kystpilegrimsleia.

– I fjor registrerte vi 1500 tilreisande pilegrimar hjå oss ifrå innlandsleia, og dette er nok eit nøkternt tal i høve til kor mange som faktisk reiser på pilegrimsreiser her i landet. Våre tal gjeld berre dei som kjem heile vegen til Trondheim, sa han.

**Vil legge til rette**

I samtale med to av dei lokale eldsjelene som jobbar inn mot prosjektet, kyrkjeverje Marit Sævik Leinebø og kulturleiar Eileen Gjerde, får vi vite at ein har starta arbeidet med planlegging og tilrettelegging av både eigne og andre sine pilegrimsreiser for 2021.

– Vi ønskjer å vere eit naturleg møtepunkt for pilegrimar og vil jobbe for å ønske alle pilegrimar velkomne, sa Sævik Leinebø i ein kort kommentar til slutt.

BJØRNAR SÆVIK
bjornar@vestlandsnytt.no



**SAMLA PÅ HERØY GARD:** Dei besøkande avslutta sitt besøk i Herøy med kommunen sin eigne pilegrimsliturgi. Den er forma ut og gjort tilgjengeleg for alle pilegrimar som kjem til Herøy gard.

●● **Det er viktig at vi fører folka som legg til rette for pilegrimar saman, slik at nøkkelstadane langs kysten kan samhandle betre**

Audhild Mork dagleg leiar for Regionalt pilegrimssenter Smøla



**BJØRN LEINEBØ:** Sokneprest Bjørn Leinebø losa kyst-pilegrimane gjennom liturgien.



**PILEGRIMSSTEMPEL:** På Herøy gard er det no utplassert eit pilegrimsstempel i steinhuset bak hovudhuset.



**KOM FRÅ MOLDE:** Domprost i Molde, Olav Gading, kom for å lære meir om Herøy. Heile poenget med turen var at folk som jobbar med pilegrimar, som han sjølv, lettare skal kunne samhandle med kvarandre.



**EILEEN GJERDE OG MARIT SÆVIK LEINEBØ:** Desse to har gjort eit godt stykke arbeid med å legge til rette for pilegrimar som kjem reisande til Herøy Gard. Dei ønsker at Herøy skal bli ein naturleg møteplass for kyst-pilegrimar.



**AUDHILD MORK:** Mork er dagleg leiar for det regionale pilegrimssenteret i Smøla. Hennar oppgåve er mellom anna å fungere som eit mellomledd som skal sørge for godt samarbeid mellom dei ulike nøkkelstadane i kystpilegrimsruta.